



Vår saksbehandlar
Kjell Berge – tlf 57 65 51 31
E-post: kb@fm-sf.stat.no

Vår dato
14.06.2004
Dykkar dato
23.03.2004

Vår referanse
2004/2232-03/733.1
Dykkar referanse

Sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 Oslo

Sosialdepartementet	
Saksnr.: 200400689	Dok.nr.: 22
Arkivkode: 311.31	Journ. dato: 16.06.04
Avd.: SKO	Saksbeh.:
Tillegg:	

Brukarbetaling pleie- og omsorgstenester – høyring

Vi viser til høyringsnotat av 23.03.04 frå Sosialdepartementet.

Generelt:

Dei siste åra har det skjedd ein del som gjer det svært aktuelt å sjå på heile betalingssystemet i pleie- og omsorgssektoren på nytt. Av dette er følgjende viktigast:

- Utbygging av kollektive omsorgsbustader der det mange stader vert ytt omfemnande og døgnbaserte tenester. I mange høve er det ikkje lenger praktisk mogeleg å skilje dette tilbodet frå ein sjukeheimplass.
- I kjølvatnet av "Handlingsplan for eldre" m.m. og den vanskeleg økonomisituasjonen, har kommunane vore oppfinnsame med eigenbetaling for ulike tenester og tiltak. Dette har medført at ein del av dei som bur i omsorgsbustader har fått mindre att i "lommepengar" enn dei som bur i sjukeheim.
- Betalingsordningane kan ha ført til at prinsippet om at det er behovet for pleie- og omsorgstenester som skal vere avgjerande for kva tenester brukar etterspør og kommunen yter har vorte undergrave.

Fylkesmannen meiner difor at konsekvensane må bli

- eit nytt, felles betalingssystem og
- ei minste grense for kva brukarane skal ha av "lommepengar"

Sosialdepartementet ber i følgjeskrivet om svar på fem hovudspørsmål.

Vi viser til generell kommentar ovanfor, og har i tillegg følgjande merknader til spørsmåla:

"I. Bør dagens todelte system for brukarbetaling og finansiering i hovudtrekk videreføres, eller er det behov for større endringer?"

Det bør komme eitt felles betalingssystem for brukarbetaling i pleie- og omsorgstenestene.

- Betalinga må stå i forhold til omfanget av pleie- og omsorgstenester som vert ytt
- Det må definerast ulike nivå for omfang av pleie- og omsorgstenester der kvart nivå utløyser ei definert eigenbetaling
- Nivåa må vere slik at ulike variasjonar innanfor eit nivå kan akseptierast som likeverdige
- Nivåa må likevel ikkje vera så mange og detaljerte at dei utløyser store byråkratiske vurderingar og transaksjonskostnader
- Det må setjast ei nedre grense for kva brukarane skal ha att i "lommepengar"

”II. Vil et enhetlig system for brukerbetaling der betalinga knyttes til bolig, daglige utgifter og egenandeler for de faktiske tjenester som ytes være mer hensiktsmessig enn dagens todelte system for brukerbetaling i og utenfor institusjon ?”

Ja – sjå ovanfor.

”III. Bør staten fastsette regler for nivået på brukerbetaling, og i tilfelle i hvilken grad, eller bør dette være opp til den enkelte kommune å avgjøre ?”

Staten må fastsette regler for nivå på brukarbetaling – sjå ovanfor.

”IV. Bør kommunens helttelige finansieringsansvar for tilbudet til beboere i institusjon utvides til å omfatte en større gruppe brukere av pleie- og omsorgstjenester, for eksempel beboere i omsorgsboliger. Finnes det eventuelt en bedre avgrensning av kommunens finansieringsansvar ?”

Det må vere eit likt og felles finansieringssystem for brukarar i og utanfor institusjon.


”V. Bør beboere i institusjon ha de samme rettigheter som brukere utenfor institusjon i forhold til hjelpemidler fra folketrygden, legemidler på blå resept og Husbankens bostøtteordning ?”

Ja, dette må vere ein konsekvens av eit felles betalingssystem.

Med helsing



Petter Øgar
fylkeslege



Kjell Berge
rådgjevar

Kopi: Fylkesmennene

Internkopi: OJF - AR